

# **Forslag til revidert Forskrift om hundehald Hemsedal kommune, Buskerud**

Fastsett av Hemsedal kommunestyre xx.xx.2016 med heimel i LOV-2003-07-04-74 §§ 6, 9 og 11.

## **§1 Virkeområde og definisjon**

Denne forskrift omfattar hundehald i Hemsedal kommune. Forskrifta supplerer avgjerder gjeve av lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven), og må sjåast i samanheng med denne.

Med bandtvang er det i denne forskrifta meint at hundehaldar skal halde hunden i fysisk band eller forsvarleg inngjerda eller avstengd.

## **§2 Utvida bandtvang av omsyn til dyr på beite**

I Hemsedal kommune er det, i tillegg til ordinær bandtvang f.o.m. 1. april t.o.m. 20 august, utvida bandtvang av omsyn til beitande husdyr i tida f.o.m. 21 august t.o.m. 31. oktober. I Hemsedal kan jakthund sleppast frå 10. september når den vert brukt til jakt. (unntak for bandtvang, viser til hundelova §9)

## **§3 Bandtvang i område av omsyn til menneske**

Det er bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper i heile skisesongen. Det er bandtvang i skianlegget på Gravset og Totteskogen. Dersom nokon har med seg hund i band i maskinpreparerte skiløyper, skal denne ikkje vera til hinder for andre brukarar.

Det er bandtvang heile året i tettstader, område med bustad, område regulert til offentleg formål, på kyrkjegardar og tilrettelagte friluftsområde.

## **§4 Avgjerder om ro og hygiene**

I tettbygde strøk skal hund verte passa utandørs, slik at den ikkje forstyrrar nabolaget med vedvarande støy.

Hundehaldarar pliktar å fjerne avføring som hunden legg att i tettbygd strøk, langs offentleg veg, idrettsanlegg, skiløype og tilrettelagt friluftsområde, eller i andre område som er tilgjengeleg for allmenn ferdsel i tettbygd strøk.

## **§5 Område der hundar ikkje har, eller har avgrensa tilgang**

Hundar har ikkje tilgang til barnehagar eller skuleområde utan avtale mellom hundeførar og den ansvarlege for skule eller barnehage.

Dette punktet omfatta ikkje tenestehund, førarhund for blinde eller svaksynte.

## **§6 Dispensasjon**

Etter søknad kan kommunen dispensere frå båndtvangavgjerder gitt i hundelova eller i denne forskrifta.

### **§7 *Straff***

Brot på avgjerdene i denne forskrifta er straffbart og kan straffast etter § 28 i hundelova.

### **§8 *Iverksetjing***

Denne forskrifta gjeld frå **xx.xx.2016**